



Og Arkitekter AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7741 - 17/14902

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2017

Mellombels bruksløyve - Blokk B Langheiane B7 - gbnr 188/770 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 237/17

Tiltakshavar: ORION PROSJEKT AS

Ansvarleg søkjar: OG ARKITEKTER AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.07.15, 04.09.15, 04.11.15 og 16.03.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes om midlertidig brukstillatelse for, er følgende: -

Resterende deler av tiltaket, hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse, er følgende: Bygg-C

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: Blokk B samt resterande parkeringsanlegg.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.17

Det ligg føre ferdigattest for felles teknisk infrastruktur, uteopphaldsareal for Langheiane B6 og B7 i sak 17/45, ferdigattest datert 23.05.17.

Vi gjer merksam på at mellombels bruksløyve for blokk A og delar av parkeringsgarasje er gjeve på vilkår av at det ligg føre ferdigattest innan 30.06.17.

Mellombels bruksløyve for Blokk A og delar av parkeringsgarasje fell bort 30.06.17.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.05.17.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Langheiane 43, 45, 47, 49, 51, 53 og 55
Bygningstiltak:	Blokk B – 7 brukseiningar, og resterande del av parkeringskjellar
Bygningsnummer:	300578990
Bruksareal:	953
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Blokk B og resterande del av parkeringsgarasje i felt B7 på eigedom gbnr. 188/770. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: Blokk B og resterande del av parkeringsgarasje jf. vedlegg Q-1 sikringstiltak.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.12.17.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7741

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Og Arkitekter AS	Kanalveien 11	5068	BERGEN
OG ARKITEKTER AS	Postboks 23	5819	BERGEN
ORION PROSJEKT AS	Nesttunvegen 111	5221	NESTTUN

Mottakarar:

Og Arkitekter AS	Kanalveien 11	5068	BERGEN
------------------	---------------	------	--------